



MØTEBOK

Rådsmøte i Hardangerrådet iks

Dato: Torsdag 07.02.2019

Klokka 09.00 – 12.00

Stad: Hotel Ullensvang, Lofthus

Til stades:

Eidfjord kommune: Ordfører Anved Johan Tveit
Granvin herad: Ordfører Ingebjørg Winjum
Jondal kommune: Ordfører Jon Larsgard
Odda kommune: Varaordfører Linda Haugland Jondahl
Kvam herad: Ordfører Jostein Ljones - Rådsvaraordfører - møteleiar
Ullensvang herad: Ordfører Solfrid Borge
Hardangerrådet iks: Styreleiar Toralv Mikkelsen

Administrasjonen: Dagleg leiar Jostein Eitrheim og konsulent Trude Rinaldo

Forfall:

Ulvik herad: Ordfører Hans Petter Thorbjørnsen - Rådsordfører
Odda kommune: Ordfører Roald Aga Haug
Rådmannsforum: Rådmann Thore Hopperstad

Agenda:

09.00 – 11.30 Sakshandsaming
11.30 – 12.00 Orientering:
Veronika Halstensen og Helena Flotve, Schibsted:
“Hardanger sett frå fylkeshovudstaden”
12.00 Møteslutt Hardangerrådsmøte
12.00 – 13.00 Lunsj
13.00 – 15.00 Arbeidsseminar mellom Hardangerrådet - Styret for Visit Hardangerfjord
Samarbeid om reiselivsutvikling -
“Hardanger - ein berekraftig region” - søknad til HFK

Orienteringar:

Hardanger sett frå fylkeshovudstaden.

Innkalling og sakliste vart godkjent.

Desse vart valde til å skriva under møteboka saman med rådsvaraordfører:

Ingebjørg Winjum

Anved Johan Tveit

Saker til handsaming i Regionrådet:

Alle vedtak er samrøystes om ikkje anna er nemnt.

Saker til handsaming:

- HR-sak 01/19 Saker innmeldte ved starten av møtet. Vert tatt opp under sak 07/19.**
- Prosess for nytt anbod for turistbåtruta på Hardangerfjorden
 - Mogelege prosjekt der Hardangerrådet har meldt si interesse for deltaking
 - Fellesmøter framover
 - Handsaming av selskapsavtalar
 - Ljosregulering ved Berget, Kinsarvik. Uttale til Statens vegvesen
 - Bompengetakstar

HR-sak 02/19 Meldingar

Vedtak:

Meldingane vert tekne til vitande

HR-sak 03/19 Ny tingrettstruktur - Uttale frå Hardangerrådet til Domstolkommisjonen

Samarbeidsrådet for Sunnhordland har handsama same sak i sitt rådsmøte 01.02.2019. Vedtak vart: Pkt 1 samrøystes. Pkt 2 vedteke mot 1 stemme (rådmann i Kvinnherad).

Forslag frå Solfrid Borge om å endra tekst i pkt 1 til: Hardanger tingrett og Sunnhordland tingrett istadenfor Sunnhordland tingrett og Hardanger tingrett.

Vedtak:

1. Hardangerrådet støttar ei samanslåing av Hardanger tingrett og Sunnhordland tingrett til ny Hardanger og Sunnhordland tingrett.
2. Den nye eininga vert organisert etter "Sognemodell" med hovudkontor (Stord) og avdelingskontor (Lofthus)
3. Rådsordførar, ordførar i Ullensvang herad og dagleg leiar får fullmakt til, saman med representantar for Samarbeidsrådet for Sunnhordland å utforma og godkjenna ordlyd i uttalen.

HR-sak 04/19 Nedlegging av trafikkstasjonar i Hardanger? Uttale frå Hardangerrådet.

Denne saka har vore lite framme i media. Hardangerrådet ønskjer å la denne saka vera eit døme på at digitalisering og automatisering kan vera grunnlag for å leggja funksjonar til distrikta og flytta desse ut frå sentrale punkt som t.d. Bergen.

Hardangerrådet tek kontakt med Statens vegvesen og Vestland fylkeskommune for å leggja fram sitt syn på saka.

Kopi av uttale må sendast til Vestland fylkeskommune.

Vedtak:

Hardangerrådet sender uttale til Statens vegvesen og Vestland fylke v/fellesnemnda vedr. forslaga i rapporten frå Capgemini.

Rådsordførar, ordførar i Kvam, ordførar i Odda og dagleg leiar får fullmakt til å utforma uttalen. Hardangerrådet oppmodar Hardanger ungdomsråd til å gje eigen uttale i saka.

**HR-sak 05/19 Mogeleg samarbeid i “Indre Vestland”?
Oppfølging av innspel/tankar frå møte på Voss 9.01.2019
Drøfting**

Spørsmål frå Linda Haugland Jondahl om korleis invitasjon til og deltaking på møtet på Voss 9.01.2019 var gjort.

Kva rolle skal regionråda ha i det nye Vestland fylke?

Det er ønskje om at heile rådet vert teke med i dette arbeidet vidare.

Hardangerrådet tar initiativ til nytt møte i “Indre Vestland”

Ein kan gjera Hardangerkonferansen til ein møteplass for regionråda i heile Vestland fylke.

Vedtak:

Informasjon/drøfting vert teken til vitande.

HR-sak 06/19 Søknad om støtte til Landsfestivalen 2019**Vedtak:**

Hardangerrådet støttar Landsfestivalen for gamaldansmusikk 2019 med kr 50.000. Løyvinga føreset at arrangøren nyttar Merkevare Hardanger i all marknadsføring av arrangementet. Løyvinga vert dekkja gjennom frie midlar i kraftlinjefondet.

HR-sak 07/19 Orienterings- og drøftingssaker

- **Prosess for nytt anbod for turistbåtruta på Hardangerfjorden**
 - Det er invitert til møte 18. februar i Norheimsund.
 - Kommunane og HR må spreia denne invitasjonen slik at flest mogeleg av aktuelle næringsaktørar får kjennskap til møtet og møter fram den 18.02.
- **Mogelege prosjekt der Hardangerrådet har meldt si interesse for deltaking**
 - Trude Rinaldo orienterte om internasjonale prosjekt som HR har meldt si interesse for å delta i.
- **Fellesmøter framover**
 - Røros 12. og 13. februar
 - Førde 15. februar
 - Stortinget 26. mars middag om kvelden.
 - Oslo Domstolkommisjonen 27. mars?
- **Handsaming av selskapsavtalar**
 - Saka skal handsamast i fellesnemnda for Voss herad + kommunestyra i Hardangerkommunane
 - Administrasjonen sender påminning til alle kommunar v/ordførar og rådmann.
- **Ljosregulering ved Berget, Kinsarvik. Uttale til Statens vegvesen**

- Tidsrommet bør vera frå før påske til etter haustferien.
- Hardangerrådet gjev støtteuttale.
Dagleg leiar og ordførar i Ullensvang herad får fullmakt til å utforma uttalen
- Bompengetakstar
 - Brev til fylkeskommunen er sendt frå Voss kommune.
 - Det er bede om møte med fylkeskommunen (fylkesordførar) + Ferde for å avklara situasjonen.

Møteboka godkjent 07.02.2019.

Jostein Ljones
Rådsvaramøterleder

Rådsmedlem
Ingebjørg Winjum

Rådsmedlem
Anved Johan Tveit